

# *Referat frå møte i føretaksarbeidsmiljøutvalet 10. desember 2018*

## **TIL STADES:**

### **Arbeidsgjevarrepresentantar:**

Eivind Hansen  
Kjell Vikenes  
Hans Olav Instefjord  
Susanne Albrechtsen  
Kristin Pundsnes

### **Arbeidstakarrepresentantar:**

Robert Bergersen Skaar  
Arvid Langeland  
Geir Arne Sunde  
Ingeborg Sævareid  
Linda Karin Gangstø

### **Forfall:**

Odd Andrew Storetvedt  
Irene Hopsdal

### **Dessutan møtte:**

Helene-Christin Skaarnes (sekretær)  
Anne Randi Skirbekk  
Elisabeth Jane Dragsnes  
Karen Anne Stordalen  
Vigdis Fjeld  
Ingunn Toft

Referat frå 06.11.18 skal godkjennast i neste møte da det ennå ikkje var sendt ut til medlemmane av FAMU.

---

## **NR.                    SAK 41 Møtedatoar 2019**

---

Alle har fått innkalling til FAMU-møter i 2019 følgande datoar:

- Tysdag 15. januar frå kl. 13.00-15.00
- Tysdag 19. februar frå kl. 13.00-15.00
- Tysdag 18. mars frå kl. 09.30-11.30
- Tysdag 30. april frå kl. 12.00-14.00
- Måndag 27. mai frå kl. 12.00-14.00
- Måndag 17. juni frå kl. 10.00-12.00
- Tysdag 27. august frå kl. 12.30-14.30 – MÅ FLYTTE DENNE

- Tysdag 24. september frå kl. 12.30-14.30
- Måndag 21. oktober frå kl. 12.30-14.30
- Måndag 18. november frå kl. 10.00-12.00
- Tysdag 17. desember frå kl. 13.00-15.00

**Vedtak:**

FAMU godkjenner foreslåtte møtedatoar for 2019.

---

**NR.                      SAK 42 Arbeidsmiljøkonsekvensar av budsjett 2019**

---

Kristin Pundsnes presenterte saka.

FAMU ønsker å evaluere risikovurderingane som er gjort i dei lokale AMUane. Einingane har brukt mykje tid på den, men ein bør sjå på forbetring av

- Skjema og metodikk
- Dokumentasjon

Det vart lagt fram tre forslag til vedtak, eit frå arbeidsgivar og to frå arbeidstakar. Det eine forslaget frå arbeidstakar var noko endra og vart vedteke mot Arvid Langeland si stemme.

**Vedtak:**

FAMU ser at driftsbudsjett 2019 vil vere stramt. Endring i resultatkrav er positivt for å lette tilpassinga noko, men det er samstundes viktig at investeringsnivået bli teke i vare.

Risikovurderingar gjort i dei lokale AMU peikar på at forholdet mellom oppgåver og ressursar kan bli utfordrande for arbeidsmiljøet i fleire einingar. Det å sikre tid og ressursar til å utvikle kompetanse hos medarbeidarane er også eit punkt som er teke opp i fleire risikovurderingar. FAMU ber om at det må sikrast rom for kompetanseheving i arbeidsplanane.

FAMU ber leiinga i dialog med tillitsvalde og verneteneste setje i verk tiltak beskrivne i risikovurderingane for den einskilde eininga for å hindre negativ effekt på arbeidsmiljøet. FAMU ber lokale AMU rapportere om status og effekt av tiltak før sommaren 2019.

FAMU ber arbeidsgjevar i løpet av 2019 å beskrive arbeidsmiljøutfordringar og forbetringstiltak i følgjande einingar:

- Kvinneklubben
- Barne- og Ungdomsklubben
- Divisjon Psykisk helsevern/ Psykiatrisk klinikk
- Nevrologisk avdeling
- Mottaksklubben

Arvid Langeland sette fram dette framlegget til vedtak:

1. FAMU bed om at sengjetalet vert auka på dei postane der overbelegg er eit stadigt problem (naudsynt bemanning lyt fylgja med).
2. FAMU bed om at bemanninga vert auka monaleg på fødeseksjonen på kvinneklinikken.

**Langeland si grunngjeving for framlegget:**

Helse Bergen har effektivisert tilsvarende om lag 90 mill. kr i 2017 og kjem truleg til å effektivisera tilsvarende 160 mill. kr i 2018. Etter budsjettframlegget er ambisjonen å effektivisera tilsvarende 200 mill. kr. i 2019. Dersom det skulle lukkast, vil Helse Bergen ha effektivisert tilsvarende om lag 460 mill. kr på tre år.

Den samla effektiviseringsambisjonen frå overordna organ (styrefleirtalet i Helse Bergen, styret i Helse Vest, stortingsfleirtalet) er altså på om lag 500 mill. kr (ein halv milliard) for tidsrommet 01.01.17-31.12.2019.

Ifylgje forbetningsundersøkjinga melder nesten halvparten av dei som svara, om eit mishøve mellom oppgåver og ressursar.

Fråsegna frå dei tillitsvalde om budsjettframlegget understrekar det same og peikar i tillegg mellom anna på mangelen på sengjer. Det er framleis ein del postar som stadigt har overbelegg, til dels med korridorsengjer.

Frå kvinneklinikken kjem det tydeleg melding om underbemanning på fødeseksjonen både frå tillitsvalde og hovudverneombodet.

**Røysteforklaring frå Arvid Langeland:**

Ein viktig skilnad mellom framlegget som fekk fleirtal og framlegget mitt, er at det fyrste gjeng ut ifrå den eksisterande budsjetttråma, medan punkt 1 i framlegget mitt føreset at Helse Bergen fær eit større driftsbudsjett.

Formuleringa 'dei postane der overbelegg er eit stadigt problem', var mynta på somatisk sektor då det vart skrive. Ordsiftet i møtet gjorde meg merksam på at formuleringa vart oppfatta slik at ho òg galdt psykiatrisk klinikk. Eg vil presisera at denne formuleringa berre er mynta på somatisk sektor av di eg ikkje har nok detaljkunnskap til å føreslå dette tiltaket for psykiatrisk klinikk. Informasjon som vart gjeven i møtet gav dessutan grunn til å tru at FAMU inntil vidare kan nøya seg med å få ei nærare orientering om stoda innan rimeleg tid.

Eg viser elles til fråsegna frå dei tillitsvalde frå den 7. desember 2018.

**Oppfølging:**

Oppfølging av vedtaket blir tema på FAMU-møte i 2019.

---

**NR.****SAK Eventuelt**

---